



# Felles nettverksamling Jærmuseet

7. – 8. september 2016

## Referat

Handverksnettet og Byggnettverket hadde felles nettverkssamling på Jærmuseet 7. – 8. september i år. Det faglege tema var klimaendringane og utfordringane i bygningsvernet på musea, medan tema for nettverksmøtet var å få til ei samanslåing av desse to nettverka.

Det var 32 deltakarar samla frå 12 institusjonar.

Direktøren på Jærmuseet, Målfrid Snørteland tok i mot oss og presenterte Jærmuseet og deira oppgåver.

Fagdirektør ved Meteorologisk Institutt, Eirik Johan Førland, heldt foredrag om klimaendringane, globalt og lokalt, og konsekvensane av desse. Han fekk fortalt alvoret på ein nøktern og forståeleg måte. Meir om dette finn ein i rapporten Klima i Norge 2100 M.406/2015. Nyttig, men ingen hyggelig lesnad. Men han ser ein ørliten nedgang i den negative utviklinga.

Prosjektleder for Klimaprojektet, Roy Høibo, gjorde greie for arbeidet så langt, drygt halvegs i prosjektet. Han har til no besøkt og snakka med rundt 20 muse i stort sett heile landet. Erfaringane er at her er store utfordringar knyta til temperatursvingingar, slagregn, snø, råte, flom, skred, vind og vindkast, luftfuktigheit, tørke, springflo, stormflo, varigheit av vær, mikroklima. Prosjektet vil bli avslutta med eit seminar på Maihaugen i januar 2017. Rapporten vil bli lagt fram for Kulturdepartementet og Kulturrådet. Nettverket meiner Klimaprojektet er viktig og må halda fram. Ny søknad må sendast Kulturrådet.

Avdelingsdirektør på Jærmuseet, Hans Dybvad Olesen, introduserte oss for bygningsssamlinga ved Jærmuseet og deira problemstillingar og løysingar i møte med klimaendringane. Dette som ein introduksjon til fleire av museet sine anlegg med befaringar, gode omvisingar og nyttige faglege diskusjonar.

Samanslåing av nettverka.

Det var stor einigheit om å slå saman Byggnettverket og Handverksnettet.

Følgande kom fram under drøftingane:

- Arbeidsområdet skal vera bygningsvern og handverkskompetanse på museum.
- Namnet på nettverket bør vera Byggnettverket.

- Nettverket skal vera for alle som jobbar med bygningsvernet på museum.
- Nettverket skal opna for andre miljø som jobbar med bygningsvern og tradisjonshandverk.
- Nettverket skal jobba for ein regelmessig bygningsvern kongress
- Arrangera kurs og seminar.
  - o Dokumentasjon
  - o Restaureringkriterier
  - o Tradisjonelle bygghandverksfag
- Saman er me sterke, og skal jobba for
  - o fleire handverkarar på musea
  - o tradisjonsfag i utdanningssystema i alle ledd
  - o fortsetting av Klimaprojektet
  - o innovative/nye løysingar

Det er ønskeleg med fagleg nettverksamling ein gong i året. Modellen med ambulerande møter hjå nettverksmusea er bra.

Det blei sett ned eit interimstyret:

Torger Korpberget – Lillehammer museum, Maihaugen

Grete Holmboe – Ryfylkemuseet

Arnold Bjørn-Hansen- Bymuseet Bergen, Alvøen

Nils Magne Håkegård – Vest Agder Museum

Berit Bakosgjelten – MiST, Rørosmuseet

Dei skal jobba fram

- Vedtekter
- Forslag til styre

Dette skal leggest fram på nettverksmøtet hausten 2017.

Sand 21.09.2016

Grete Holmboe

Referent

